

**ÅRSMELDING 2023**  
**– SOGNDAL IL FOTBALL**



**Måndag 4. mars 2024.**

Sogndal Fotball  
Postboks 164  
6851 Sogndal  
[www.sogndalfotball.no](http://www.sogndalfotball.no)



**Visjon:**  
**Utviklingsarena for toppfotball**

**Kjerneverdiar:**

**\*Ambisiøse**

**\*Utviklande**

**\*Inkluderande**

**\*Ærlege**

## Organisasjon

Styret i Sogndal Fotball har i 2023 vore samansett slik:

- Jan Rune Årøy, leiar
- Trude Ramstad, nestleiar
- Line Bjelde, styremedlem
- Einar Ylvisåker, styremedlem
- Kåre Jan Mjelleli, styremedlem
- Øyvind Heimset Larsen, styremedlem
- Andrea Solbakken, styremedlem

Valnemnda har vore:

- Dagfinn Rude Johannesen, leiar
- Tonje Tangerud
- Margrete Svidal

Revisor har vore: Deloitte

Rekneskapsførar har vore: LOFTESNES REKNESKAP AS (inngått i Aider AS)

Sogndal IL Fotball hadde ved årsskifte 6 administrative stillingar og 16 stillingar i sportsleg avdeling inkludert A-lag og utviklingsavdeling. I tillegg kjem spelartropp på 15. Lars- Olav Hausberg har vore dagleg leiar. Tore Andre Flo har vore hovudtrenar, Rune Bolseth har vore andretrenar og Terje Skjeldestad har vore sportsleg leiar. I 2022 tilsette vi Jan Tore Slinde (frå hausten) og Kristian Ask (frå våren) i deltidsstillingar for å heve satsinga på dame og jente-fotballen. I 2023 har vi forsterka den nye satsinga med deltaking i "Jenter vil Mer"-prosjektet støtta av Sparebanken Vest, der Sogndal Fotball samarbeider med toppklubbane Sogndal FK Damer, Arna Bjørnar og Brann, samt fadderklubben vår Syril IL. Under prosjektperioden får ein mykje tileigna kunnskap, erfaringar og midlar til vidare utvikling i eigen klubb.

Det har vore gjennomført 11 protokollerte styremøte, og der behandla 78 saker. I tillegg er det halde fleire drøftings- og orienteringsmøte. Årsmøte i Sogndal Idrettslag Fotball vart halde 13.mars. Omforeint årsmøte vart halde 9.november. Styret har og hatt eit felles styremøte med styret i Sogndal Idrettslag og har halde god dialog med Sogndal Fotballklubb Damer via dagleg leiar, styreleiar og dagleg drift. Styret har og hatt u-protokollerte møte for å bli kjent etter årsmøte for 2022. Styret er og samla rundt ulike event. Døme er det opne allmøte vi inviterte til også i 2023, interne møtearenaer for informasjon og inspirasjon som «Mitt lag i Sogndal» og januarsamling på Gol. Og ikkje minst ei viktig felles samling 14.november for kulturbygging for heile klubben. Vi deltok på kretstinget til NFF Sogn og Fjordane, på forbundstinget i NFF og på møte med representant for Svein Bakke Mingefond. Vi var og aktivt med i initiativ om samarbeid om å rekruttere, utvikle og ta vare på talenta på campus.

Sportsplanen er i dag sjølve hjørnestenen i drifta av Sogndal Fotball. Den gjeld frå A-lag til akademi. Planen frå 2019 vart grundig revidert og vedteken av styret i Sogndal Fotball 06.01.2022. Vi reviderte den igjen i 2023. Klubbhandboka vart oppdatert i februar 2022. Vi har satsa mykje på utvikling. Vi er stolte av å vere sertifisert som NFF Kvalitetsklubb. Sogndal Fotball ser på dette som viktig for utviklinga av aktiviteten, organisasjonen, kompetansen og samfunns- og verdiarbeidet i Breiddefotballen i Sogndal. Vi meiner å ha sett frukter av dette arbeidet i 2023. Det same gjeld satsinga vår opp mot NFF og NTF sin (Norsk Toppfotball) akademiklassifisering. Investeringa vår for å gjere oss fortent til tre stjerner og

meir ressursar til vår satsing bar frukter i 2023.

Det tekniske systemet for medlemsregistrering vi må nytte har ikkje vore tilpassa allianseidrettslagsmodellen vår. I 2022 la vi saman med Idrettslaget vesentleg innsats i å få ut gode nok medlemslister. Det har vi no fått ein viss orden på. Sogndal Idrettslag Fotball sitt medlemslag sitt registrerte medlemstal registrert i NIF Min Idrett er 1034. Alle medlemmar i Sogndal Idrettslag/Sogndal Idrettslag Fotball har stemmerett på årsmøte.

Digitalisering har vore viktig også i 2022. Styret har teke i bruk nytt system for dokumentarkiv og styremøtejennomføring. Og vår ressursbruk har løfta sosiale medium som Facebook, Twitter, Instagram og podcast i 2023.

Styret ønskjer å systematisk inkludere berekraft i våre strategiar og planar. Vi henta inspirasjon frå FN -prosjektet «Football for the goals» som gjev eit fint bakteppe kva NTF, NFF med fleire tenkjer om tematikken og kva som vil bli fokus i norsk fotball framover. Vi er ambisiøse og også inspirert av jobben våre gode partnar Lerum alt har gjort på berekraft. I samarbeid med sentrale partnarar vert det investert mykje i dette. Med gåva i 2023 frå Sparebanken Vest vert det ei raskare omstilling. Fjordenergi skal ta seg av meir kjøling om sommaren, omlegging til LED skal få ned forbruk til lys og solceller skal bidra til eigenproduksjon. Arbeidet vil inkludere heile verksemda. Fosshaugane har blitt Miljøsertifisert det siste året og fått energimerka bygga sine. Verksemda vår ureinar det ytre miljø minst like lite som tilsvarande verksemder. Vi har lite langtidssjukemelde i klubben, utover langtidsskadar i spelartroppen. Vi var i 2023 og opptekne av HMS, og har gjennomført samlingar og tiltak for å jobbe med å utvikle vår kultur. Arbeidsmiljøet i verksemda er godt.

Sogndal Idrettslag Fotball er meir enn berre eit fotballag og klubben sitt engasjement går langt utover det å berre spele fotball. Det å ta ein del i samfunnsansvaret i regionen er ein viktig del av vår overordna strategi. I 2023 greidde Sogndal Fotball åleine tilby og gjennomføre meir enn 100 arrangement. Det er rekord. På dei aller, aller fleste av desse fekk unge i ulike aldrar og av begge kjønn utfalte seg og utvikle sine interesser og anlegg. Vi legg sterkt til rette for å inkludera og delta. Styret og leiinga ynskjer å fremje likestilling i klubben, og er klar over dei samfunnsmessige forventningane det er knytt til dette arbeidet.

## **Det andre året etter at koronaviruset var ein epidemi**

I år var det ein normal sesong utan smitteverntiltak og treningsrestriksjonar. Vi fekk oppleve god tribunestemning alt 12. mars i cup-campen mot LSK. Alle kampane vart gjennomført utan utfordringar. Vi fekk gjennomført Lerum Cup igjen med rekord-deltaking. , med flinke medarrangørar i Hafslo, Bjørn og Kaupanger Idrettslag, samt rekordmange andre vellukka arrangement som vert lista opp under dugnadsinnsatsen seinare i årsmeldinga.

På Kretstinget til NFF Sogn og Fjordane fekk Erik Hovden Flataker fortent Tullenprisen, og vi er glade for at mange av våre jente- og gute-lag og vår dommarutvikling fekk utmerkingar. I juli var han med å skriva historie med Norge G19 når dei spelte seg fram til semifinalen i EM. Erik scora eit av måla til Norge i meisterskapet og spelte i alle kampane. Ein flott prestasjon av eit godt norsk lag!

## **Hovudsamarbeidspartnarar**

Klubben nyt godt av langsiktige og stabile samarbeidspartnarar. Vår generalsponsor Sparebanken Vest og hovudsponsorane Lerum, Sognekraft og Umbro har bidrege gjennom mange år. Alle samarbeidspartane er uvurderlege i klubben sin ambisjon om å komme tilbake til eliteserien. Mange av våre samarbeidspartnarar merkar framleis negative effektar av internasjonal konflikt og nasjonale rammevilkår, som råvare- og straumprisar. Vi er takksame for at de er med oss.

Det er framleis utfordrande tider økonomisk, og å sikre klubben inntekter er ei viktig oppgåve. 2023 har vore eit aktivt og innhaldsrikt år for marknadsavdelinga i klubben. Marknadssjef Terje Teigen summerar året slik:

«Sogndal Fotball vil få takke alle i næringslivet som er med å bidra til at me kan ha eit lag i toppen av norsk fotball her inne i «vesle» Saftbygda. Totalt er me blitt nesten 120 ulike bedrifter i nettverket og i 2023 har me hatt ulike samlingar i lag både på og utanfor Fosshaugane Campus. Me har blant anna hatt 5 sponsorfrukostar i lag med Sogndal FK Damer. Desse har blitt arrangert på HVL kantina, Quality Sogndal Hotel, Lerum, Toyota Sogn og på Meny Sogndal. Etterkvart har desse morgonstundene blitt veldig populære der me har hatt innlegg frå Tore André og Sport, samt fått informasjon frå ulike bedrifter. Dette vil me halde fram med neste sesong.

På kampdag har me også samla næringslivet til losje før avspark. Losjane har me arrangert på stadion der me har hatt besøk av laga sine trenarar og fått prata godt i lag medan me et og gler oss til kamp. I år har me og oppgradert LED-banner på langside på stadion slik at visninga av reklamen har fått eit skikkeleg ansiktssløft. Dette er noko våre partnarar har satt stor pris på. Me har og etterkvart fått mange spennande produkt som me tilbyr dei som ynskjer å bli med i nettverket. Alt i alt ein fin sesong med mange fine stunder i lag med næringslivet. Me gler oss sjølv sagt til ein ny spennande sesong der me skal finne på mykje moro utanfor bana»

## **Dugnadsinnsatsen**

Dei mange frivillige som stiller opp på dugnad skal alle ha ein stor takk. Frivillige gjer våre arrangement mogeleg å gjennomføre og fotball-laga våre mogeleg å drive. Takk! Vi treng enno fleire frivillige. Våre frivillige får ikkje løn, men vi inviterer dei til fellessamlingar og til funksjonærtur. Funksjonærturen i 2023 gjekk til Fredrikstad.

Arrangementssjef Geir Inge Heggestad summerar året slik:

«Eit stort arrangementsår er over med rekorddeltaking både på Lerum Cup og Kiwi Bama Cup. Dette er turneringar der me er avhengig av alle tilsette og ikkje minst ein fantastisk innsats frå dei frivillige. I tillegg har me OBOS-kampar, kampar i nasjonal serie, Norsk Tipping-kampar, Stokafestival, og mange mindre arrangement som er med å gjere Fosshaugane Campus til den største møteplassen i Sogn og Fjordane.»

Oversikta over tidenes aktivitetsår på Fosshaugane.

- 15 OBOS-kampar + 2 NM kampar – 31752 publikummarar (540.000 tv sjåarar)
- 13 Norsk Tipping-liga kampar
- 24 Nasjonale kampar (G15, G17 og G19)
- 13 kampar på Fosshaugadn for Sogndal FK Damer
- OBOS Camp veka før skulestart med utseld Camp (90 spelarar).
- 8 treningshelgar med 16 ulike klubbar på besøk.
- Ny rekord på Lerum Cup med 325 lag, 2925 spelarar (4000 foreldre) og 826 kampar
- Stor ombygging av Idrettssenteret i sommar. (Investering 15 millionar kroner)
- Nytt kunstgras og anna fornying i Sognahallen i sommar (Investering 8 millionar kroner)
- Stooka-festival med 2075 festivalgjengarar over 2 dagar
- Ny rekord på Kiwi Bama Cup med 158 lag, 1212 spelarar (1000 foreldre) og 316 kampar
- 1200-1300 publikummarar på kvar av kampane Fjøra - Brann og Fjøra FK - Årdal FK
- Vestlandscup i Klatring
- Student NM i Fotball arrangert av Studentsprett med 20 lag.
- Kjempenes liga med heile 43 lag som kjempa om heider og ære
- I 2023 er det spelt ca. 100 handballkampar i Nye Hallen.
- Sone-turnering jenter/gutar 12 og 13 år – 02-03 desember i Sognahallen

I tillegg til alle treningar/seriekampar for 30 lag i klubb, treningsamlingar og sone/krets aktivitet. I alle desse aktivitetane ligg det eit stort arbeid av personar som er tilsette i klubben og på Campus, men dei aller viktigaste personane i desse arrangementa/aktivitetane er alle dei frivillige som stiller opp.

Det gjeld frivillige, foreldre, spelarar, trenrarar, lagleiarar, søsken, besteforeldre, tanter og onklar og ikkje minst Hafslo IL, Kaupanger IL og IL Bjørn som medarrangør på Lerum Cup.

### Sportsleg resultat oppsummert

Sesongen gjekk ikkje slik me hadde ynskt frå det sportslege perspektivet. Ein god vårsesong ga mange positive opplevingar, men hausten vart tyngre. Sportssjef Terje Skjeldestad summerer opp sesongen slik:

"Ting blei diverre ikkje som me hadde ynskt i år. Me enda utanfor topp 6 og rykka ned med Sogndal 2. Dei nasjonale laga gjorde ein flott sesong. NG19 vann B-sluttspelet etter å ha vunne finalen mot FK Haugesund. G17 spelte seg fram til kvalifisering om opprykk til Eliteserien. Der vart diverre AAFK for sterke. Me har også fått etablert eit NG15-lag i dei nasjonale seriene. I 2024 kjem me til å ha det same tilbodet med nasjonale lag, og i tillegg så kjem det eit NG14-lag.

Sjølv om me ikkje nådde heilt opp med A-laget så hugsar nok dei fleste den offensive, framoverretta fotballen som vart spelt i store periodar fram til august. Då var det verkeleg artig å sjå på gutane. Her er det mykje Tore André og co kan byggja vidare på. Me var blant anna berre nokre få marginar og litt dyktigheit unna å sende Sarpsborg 08 ut av cupen i 4 runde.

Neste år er det sterkt ynskjeleg at me skal ha lengre og meir stabile periodar, der me er på nivå og endå betre enn me var i vårsesongen 2023. Me må fortsette å pushe toppnivået vårt, samt så MÅ me få opp botnnivået. Det blir jobba godt med å kartlegge og sjekke ut aktuelle spelarar som vil passe godt inn i Tore André sitt lag. Me håpar at me kan få på plass ein eller to før året er omme, og i januar vil det dukke opp fleire nye ansikt på Fosshaugadn. Laget byrjar med treningar 10. januar og då er sesongen i gang."

### A-laget

Inngangen til 2023 var rolegare enn i 2022. Trenarteamet, med Tore Andre Flo og Rune Bolseth, fekk bygge på mykje den same troppen og fekk drilla inn spelestil då karane i februar var på treningsleir i to veker i Marbella på Costa del Sol. Treningskampane lærde ein av. Då er det ikkje so farleg med resultata før poeng skulle delast ut. For det vart ein bra sesongstart og eit godt første halvår. Vi leia på tabellen etter serierunde 7 og 8 og var nr tre etter runde 16. Poengfangsten på hausten vart igjen for därleg. Også i år vart det ikkje kvalifisering. 7. plass på tabellen som i 2022 er vi ikkje nøgde med.

Etter siste runde enda vi på 43p (mot 43p i 2022 og 42p i 2021) og 45-45 (mot 55-53 i 2022 og 40-35 i 2021) i målskilnad. Valdimar Thór Ingimundarson vart vår mestscorande i Obosligaen med 7 mål.

Det var eit lyspunkt å sjå at mange talent fekk sjansen. NM vart og eit stort sportsleg lyspunkt i 2023. Vi spelte fjerde runde heime mot LSK 12.mars på Fosshaugane. Der tapte vi knapt.

### Rekruttering

Ein del av arbeidet på sport er det utviklingsavdelinga som står for. 2023 har vore eit år med mykje aktivitet for alle laga våre. Utviklingssjef Erling Ola Fykse sumerer året slik:

«Det har blitt lagt ned ein god innsats frå våre tilsette i utviklingsavdelinga i år. Me har hatt god dialog med teamet rundt A-laget, og stor aktivitet for NG15, NG17 og NG19 gjennom sesongen. Neste års NG14 og NG15 har delteke på IFK Göteborg Invitational Tournament, og barn frå 6-11 år har hatt treningstilbod gjennom Sogndalsakademiet. Me har hatt eit godt samarbeid med NFF Sogn og Fjordane om spelar-, trenar- og klubbutvikling, og signert ei ny avtale i år.

Neste år set kriteria for Akademiklassifiseringa endå høgare standarar for utviklingsarbeidet. Me skal auka våre standarar ytterlegare slik at me kan ta nye steg for dei komande toppspelarane. Me vil legga auka trykk på trenarutvikling der trenarutviklar Tommy Øren får ei sentral rolle. Etableringa av NG14 gjer oss endå fleire kamper på nasjonalt nivå, og hjelper oss å ta steg i utviklinga av spelarane.

Nokre høgdepunkt å trekka fram frå året er at Mathias Øren og Joakim Berg Nundal har fått proffkontrakt. I tillegg har Marius Årøy, Andreas Kalstad og Johannes Konstanli-Lødemel fått speletid for A-laget. Daniel Sætren, Mathias Øren, Kristoffer Steinset og Erik Flataker har spelt kamper med flagget på brystet, og Emil Hillestad og Khadar Ibrahim har delteke på Equinor Talentleir. Sist, men ikkje minst: NG19 vann B-sluttspellet etter finalesiger mot Haugesund.

Tusen takk til alle som kjem på kampane på Fosshaugane Campus, som følgjer oss på bortekampar og som legg ned ein frivillig innsats gjennom året! Me gler oss til 2024 og er klar til å gje alt me har!»

### **Årsoppsummering av dagleg leiar, Lars-Olav Hausberg:**

«Fyrst og fremst vil eg takka alle dykk med hjartet i klubben for støtte gjennom 2023! Støtte på tribuna i kamp, støtte til gjennomføring av arrangement og ikkje minst takk for engasjementet de alle syner over det me prøver å skapa saman for fotballen, bygda og regionen. Me ser tilbake på eit 2023 der me fekk bygd vidare på grunnfjellet som skal definere klubben inn i framtida, sjølv om ikkje dei sportslege resultata var slik me hadde håpa så fekk me mange gode svar på at retninga me har staka ut er rett. Som eit av høgdepunkta frå 2023 vil eg trekkje fram prosjektet «Jenter Vil Mer» der me saman med Sparebanken Vest verkeleg har byrja setje fokus på å leggje til rette for at jentene kan leve ut sine ambisjonar og draumar som fotballspelarar. Dette prosjektet skal me fortsetje å forsterke i eigen klubb og i regionen inn i det nye året. Saman med å nytte meir ressursar inn mot breiddefotballen i klubben, så er eg trygg på at me skal leggje til rette for gode fotballopplevingar uansett alder og nivå og i 2024.

Når no julefreden senkar seg over Fosshaugane så håpar eg alle saman får senka skuldrene og lada batteria. Det treng me no for 2024 vil vera eit nytt år med knallhard jobbing, me skal byggje litt på nytt i A-laget, og me skal fortsetje å vera ein utviklingsarena for unge fotballspelarar. Me kjem til å ha stort fokus på, og jobbe med, kultur i heile klubben og me skal fortsetje og fornye oss og tilpassa oss den nye fotballverda. Samstundes med fornying skal me jobbe knallhardt for å finne tilbake til det som har gjort Sogndal Fotball så unikt og som har gjort at me har vore ein del av toppfotballen i Noreg i snart 48 år. Me gler oss til 2024, det blir eit spanande år for klubben, håpar å sjå så mange som mogeleg av dykk enten på kamp eller på eit av dei andre arrangementa me skal gjennomføre i 2024.»

## Årsmelding Sogndal 2/ G19

Bolken om Sogndal 2 og G19, G17 og G15 er skriven av utviklingssjef, Erling Ola Fykse.

Følgande spelarar deltok sesongen 2023.

Markus Bringas  
Marius Årøy  
Ola Olsen  
Kristian Kongelf  
Johannes Lødemel  
Mathias Øren  
Lidvin Hestetun  
Noah Heggestad  
Sander Heggestad  
Viljar Stavø  
Andreas Kalstad  
Kristoffer Steinset

Niklas Follevåg  
Kristian Stenhaug  
Andreas Duesund  
Erlend Soleng  
Joakim Nundal  
Kristoffer Duesund  
Linus Heggestad  
Mathias Ravnestad  
Sander Aske Granheim  
Marius Lødemel  
Daniel Sætren  
Erik Flataker  
Iver Systad

Utviklingsavdelinga har ein tydeleg treningsmetodikk og eit spelkonsept som vart påbegynt for ca. 3 år sidan.

Sesongen 2023 for Sogndal 2 hadde ein god konkurransearena med spel i Norsk Tipping-Ligaen. Etter å ha kjempa hardt gjennom sesongen vart det til slutt nedrykk for laget til Kretsligaen og spel mot lag frå gamle Sogn og Fjordane i 2024.

Teamet rundt Sogndal 2.

Trenarteam:

Hovudtrenar Nils Tore Krosshaug  
Ass.trenar. Martin Natvig  
Keepertrenar: Leif Lysne  
Fysio Kasper Lie  
Mat.forvalter Morten Rørstabotten  
Lagleiarar:  
Bjørn Skjeldestad  
Albert Olav Fedje

G19 NM:

1.runde Hødd – Sogndal 1-0

Landslag 2023:

Mathias Øren G17  
Daniel Sætren G17  
Kristoffer Steinset G18  
Erik Flataker G19

Vil og berømme det gode samarbeidet mellom utviklingsavdelinga og A-lagsteamet gjennom sesongen 2023.

## Årsmelding Nasjonal G19

Dette konseptet blir organisert som følgjar: Det er fire grupper med fire lag i kvar gruppe. Laga i gruppene spelar mot kvarandre 2 gonger (heime/borte), totalt 6 kamper. Dei to beste i gruppa går til A-sluttspelet og dei to neste til B-sluttspelet. Dette er eit konsept der spelarar frå Sogndal Fotball kan delta, ingen hospitantar. Denne spelforma er organisert slik at på våren (før ordinær sesong tek til) så fullfører ein gruppespelet, og frå medio september og ut hausten så fullfører ein sluttspellet. Då blir kampane spelt i vekedagar.

Dette er ein super arena der me får målt oss mot dei beste i landet med våre eigne spelarar. I 2023 var me i gruppe med Viking, Brann og Haugesund. Det var svært god motstand og gode testar for vårt lag.

Etter ein sommar med meir trening og kampar var gjengen igjen klar for NG 19-serien. Då spelte me mot Bodø Glimt, Vålerenga og Haugesund. Gutane viste i desse kampane at dei har teke nivået. Fasiten etter desse kampane var 3 seierar. Dette er absolutt ein arena som me får testa ut kor me ligg i «løypa» når spelarane våre begynnar å bli vaksne. Me enda opp med å vinna B-Sluttspellet med 2-1 i finalen mot Haugesund og tok heim «bøtta». I 2023 vil «stigen» for nasjonale ligaer vere følgjande: NG-14, NG-15, NG-17 og NG-19.



Troppen som deltok i kampane var:

Daniel Sætren  
Markus Bringas  
Andreas Duesund  
Johannes Lødemel  
Mathias Øren  
Lidvin Hestetun

Sander Heggestad  
Kristian Kongelf  
Kristoffer Haukås Steinset  
Andreas Kalstad  
Marius Årøy  
Joakim Nundal

Erik Flataker  
Niklas Follevaag  
Kristian Stenhaug  
Andreas Duesund  
Viljar Stavø  
Iver Systad

Støtteapparat rundt laget:

Trenar: Tommy Øren  
Trenar: Patrik Karoliussen  
Fysio: Kasper Lie  
Mart. Forvaltar: Morten Rørstadbotten

## Årsmelding Nasjonal G17

Sogndal Fotball deltok i 2023 i Nasjonal serie for gutter 17 år. Troppen bestod av spelarar tilhøyrande eigen klubb og hospitantar frå Sogn og Fjordane. Gruppa samlast ein gang pr. veke i trening og spelte kampar gjennom 2023 sesongen i den nasjonale serien.

Hovudfokuset gjennom sesongen var på prestasjon og utvikling. At enkeltspelarar og laget utviklar seg gjennom vår treningsmetodikk og spelmodellen vår. Me såg utover sesongen god progresjon i måten me ønskje å forsvare oss og angripe på, spelarane utvikla seg både som individ og som lag. Det å delta i nasjonal serie har vore både inspirerande og lærerikt for oss. Spelarane tek med seg gode referansar og motivasjon til å utvikle seg vidare både som fotballspelarar og som menneske.

Laget spela blant anna mot Brann, Bryne, HamKam, KFUM, Kongsvinger, Sandnes Ulf, Skeid og Åsane.

Troppen som deltok i kampane var:

Daniel Sætren	Sogndal Fotball	Ard Ragnar Sundal	Jølster
Sander Heggestad	Sogndal Fotball	Christian Foss	Sogndal Fotball
Elling Kvåle	Fjøra FK	Fabrice Niyomwungere	Vik IL
Mathias Øren	Sogndal Fotball	Tomas Hellebø	IL Jotun
Noah Heggestad	Sogndal Fotball	Gudmund Andresen	FBK Voss/Sogndal Fotball
Linus Heggestad	Sogndal Fotball	Hans Grønningsæter	Vik IL
Kristian Kongelf	Sogndal Fotball	Havila Bonabandi	Kaupanger
Ola Lerheim Olsen	Sogndal Fotball	Sigmund Høyvik	Jølster
Iver Harberg	Sogndal Fotball	Sander Aske Granheim	Sandane/Sogndal Fotball
Mathias Ravnestad	Sogndal Fotball		
Viljar Stavø	Sogndal Fotball		
Andreas Kalstad	Sogndal Fotball		

Støtteapparat rundt laget:

Trenrarar: Patrik Karoliussen, Miguel Seva og Kjetil Sønnesyn

Fysio: Kasper Lie

Lagleiar: Morten Rørstadbotten

Trenarteamet ønskjer å takke alle som støtta laget gjennom 2023, takk også til klubbane som hadde hospitantar inne hjå oss for godt samarbeid gjennom sesongen.



## Årsmelding Nasjonal G15

Sogndal Fotball deltok i 2023 i Nasjonal serie for gutter 15 år. Troppen bestod av spelarar tilhøyrande eigen klubb og hospitantar frå Sogn og Fjordane. Gruppa samlast ein gang pr. veke i trening og spelte kampar gjennom 2023 sesongen i den nasjonale serien.

Hovudfokuset gjennom sesongen var på prestasjon og utvikling. At enkeltpelarar og laget utviklar seg gjennom vår treningsmetodikk og spelmodellen vår. Me såg utover sesongen god progresjon i måten me ønskje å forsvare oss og angripe på, spelarane utvikla seg både som individ og som lag. Det å delta i nasjonal serie har vore både inspirerande og lærerikt for oss. Spelarane tek med seg gode referansar og motivasjon til å utvikle seg vidare både som fotballspelarar og som menneske.

Laget spela blant anna mot Odd, Sandefjord, Start og Vålerenga.

Troppen som deltok på kampane:

David Kongelf Sogndal Fotball  
Bjørnar Eggum Syril  
Elias Flo Sogndal Fotball  
Emil Hillestad Sogndal Fotball  
Erlend Hetle Sandane  
Gaute S. Sandal Førde  
Jonas Sætre Sogndal Fotball  
Khadar Ibrahim Sogndal Fotball  
Kristian J. Nord Sogndal Fotball  
Loeay Wisi Sogndal Fotball  
Støtteapparat rundt laget:

Lukas L. Vigdal Sogndal Fotball  
Lukas Tangedal Dale  
Nicolai Gulliksen Førde  
Noah Brattreit Førde  
Sondre Herfindal Sogndal Fotball  
Sverre Stavø Sogndal Fotball  
Syver Hatteland Førde  
Theo R. Westgård Sogndal Fotball

Trenarar: Tommy Øren, Miguel Seva og Asle Hillestad

Keepertrenar: Håvard Hetle

Fysio: Kasper Lie



## **Sogndal Fotball breiddefotball 2023.**

Skriven av breiddekoordinator, Kristian Ask

### **Etablering av breiddeutval, avvikling av breiddestyret.**

Har som hensikt å effektivisere sakshandtering i breiddefotballen. Breiddestyret vart ofte inhabile i saker, samtidig som ein var bunden til møtepunkt for å ta avgjersler. Dersom saker måtte vidare til hovudstyret vart det unødig lange prosessar. Breiddeutvalet har høve til å møtast oftere og har direkte link til hovudstyret. Utvalet består av Kristian Ask (breiddekoordinator), Andrea Solbakken (styret) og Einar Ylvisåker (styret).

Saker prioritert av breiddeutvalet 2023:

- Rekruttering for oppstartskull
- Ungdomslag får spele 1 kamp på Fosshaugane Campus
- Jobbar for likt tilbod og lik kontingent
- Informasjon til foreldre G/J 6 og J/G 13-14
- Utstyrsbod Kvåle, lettbollar, 5-ar mål, nytta dekke i hallen

### **Medlemsoversikt i breiddeavdeling (henta juni, 2023):**

- Spelarar: 225 jenter + 280 gutter = 505 TOTALT
- Trenarar og lagleiarar: ca. 80-100 TOTALT

### **Rekrutteringshelg for 2017-kullet**

Svært vellukka oppstart, med over 60 spelarar. Funne ei god form for organisering, ved at ungane får ein dag til leik og aktivitetar og gratisbillettar til A-lagskamp. Påfølgande dag kallar klubben inn til foreldremøte for å informere om sportsplan, skuleringsplan og utviklingsløp. Dette var ein fin arena for foreldre å melde inn bidragsynskje og få informasjon om verva som trenar- og lagleiar. Klubb heldt og ei «demo-økt» for trenarane som meldte seg.

### **Kretsmeistrar i klassane:**

- Sogndal G13-14
- Sogndal J15-17
- Sogndal/Kaupanger: 4. divisjon damer 7ar

### **Avdelingsvinnar i klassane:**

- Sogndal/Sogndal FK Damer 2: 3. divisjon damer 11ar

### **Fråfall:**

Trenarteamet peikar mot god aktivitet og lågt fråfall i breiddefotballen i Sogndal. Ein har dei siste sesongane sett det største fråfallet når spelarane tek fatt på vidaregåande. Følgeleg har breiddeutvalet prøvd å løfta breiddetilbodet på seniorlaga Sogndal Damer og Sogndal 3 ved å hente inn eksterne trenarressursar til desse laga. I løpet av sesongen 2023 låg dette hovudansvaret på Ørjan Hjellhaug (SIL 3) og Jan Tore Slind (Damelaget) som begge gjorde ein framifrå jobb med å starte kulturbygginga på desse laga.

### **Fotball for alle**

Støtteordninga *Fotball for alle* har gjeve mange spelarar tilgang på fotballaktiviteten. I ei økonomisk krevjande tid for mange familiar, er dette ei uvurderleg støtte.

### **Sesongevaluering 2023:**

Sogndal Fotball har forsøkt å henta inn sesongevaluering frå alle laga i breiddeavdelinga. Desse er vidaresendt til styret.

Nøkkelpunkt i tilbakemeldingar til klubb:

- Sogndal Fotball kan bli meir tilgjengeleg.
- Sogndal Fotball kan gje meir tilbakemelding/oppfølging til laga.
- Sogndal Fotball kan bli betre på å kommunikasjon.
- Sogndal Fotball kan gje breidden betre tilgang til utstyr (småmål, manekengar osv.)

### **Sesongavslutning 2023:**

I 2023 kalla Sogndal Fotball inn til sesongavslutning for trenar- og lagleiarar på Quality Hotel Sogndal. Breiddekoordinator la fram resultat og forbettingspotensiale for 2024, før det vart servert pizza frå La Pergola. På samlinga vart det delt ut prisar til avtrappende lagleiarar, årets eldsjel og ein heiderspris. Vonleg vert dette ein flott tradisjon.

Årets eldsjel: Jarle Flugheim.

Årets heiderspris: Magdalon Sætre.

### **Utmerkingar delt ut på samling og prisutdeling på Quality Hotel Sogndal 12.desember**

Sogndal Fotball vil i enkelte tilfelle rette merksemrd mot bidragsytarar som har gjort ein ekstraordinær innsats i klubben. Heidersprisen i Sogndal Fotball skal gå til personar som over lengre tid har lagt ned innsats, vilje og engasjement i arbeidet med barn og ungdom i fotballen. Begrunnelinga for tildelinga er:

"Vinnaren av prisen har lang fartstid i klubben og kan vise til ein imponerande CV med 16 år som spelar og 30 år som trenar i Sogndal Fotball. Vinnaren av prisen har vore ein stor ressurs og Sogndal Fotball set pris på alle bidrag. Tusen takk for innsatsen!" Sogndal Fotball sin heiderspris går til Magdalon Sætre!

Årets eldsjel skal delast ut årleg og går til ein person som har gjort ein særskild innsats med ein profil som passar til kjerneverdiane våre "ambisiøs, utviklande, inkluderande og årleg". Begrunnelinga for årets vinner er:

"Vinnaren av prisen har hatt tre ungar i Sogndal Fotball og vore bidragsytar i klubben over fleire sesongar. Vinnaren vert omtala som raus, alltid positiv, blid og førebudd til treningar, cupar og kampar. Vinnaren har ei fantastisk tilknyting til spelarane og får dei alltid med seg." Årets eldsjel i Sogndal Fotball er Jarle Flugheim!

Det vart også delt ut diplomar til laga som vart kretsmeistrar i årets sesong. Dei ulike laga er Sogndal G13/14, Sogndal/Kaupanger (4. div kvinner 7ar) og Sogndal J15/17 (11ar). I tillegg vart Sogndal/Sogndal FK Damer 2 tildelt pokal som avdelingsvinnar i 3. divisjon Damer (11ar). Me gratulera alle med gode sesongar og ønskjer masse lukke til i 2024!

## **Verksemda**

Sogndal Idrettslag Fotball blei stifta 19. februar 1926 og ein fotballklubb frå saftbygda Sogndal. Sogndal spelar sine heimekampar på Fosshaugane Campus.

For øvrig består konsernet av [Fosshaugane AS](#), som eig og driftar eigedomsmassen på Fosshaugane Campus, samt Idrettssenteret AS (treningssenteret Spenst). Sogndal eFotball AS blei stifta i 2022 og er 100 eigd av Sogndal Idrettslag Fotball, som skal drive med utvikling og utleige av bygningsmasse på Campus. Samtlege av verksemdene har tilhaldsstad i Sogndal Kommune.

Arbeidsmiljøet er godt og sjukefråværet er lågt. Alt vesentleg av sjukefråver over tid refererar seg stort sett til skadar på spelarar i spelartroppen.

Likestilling: Styret: 4 menn og 3 kvinner, valnemnd: 1 mann og 2 kvinner. Adm: 1 dame, 5 menn. Sport: 16 menn, 0 kvinner. Spelartropp 100% menn!

## **Økonomi**

### *Omsetnad og resultat*

Rekneskapen for 2023 syner samla driftsinntekter på mNOK 63,4 mot mNOK 51,1 for 2022. Resultat før skatt viser eit underskot på mNOK 0,9 mot underskot på mNOK 7,6 for 2022.

Auken i inntekter på mNOK 12,3 har ikkje vore tilstrekkeleg for å dekke alle årets kostnader. Då auken i kostnader er på 5,4 mNOK, var dette nok til at ein også for 2023 gjekk i underskot. Trass i gjennomføring av vedteken tiltaksplan med vesentlege tiltak for å auke inntektene og kutte kostnader, var dette ikkje nok til å gå i overskot. Lønsvekst, høgare kostnader ved spelarlogistikk, høgare avskrivingar og generell kostnadsauke grunna prisstigning (transport, overnatting, mat etc.), gjorde at kostnadane auka meir enn budsjettet. Styret er nøgd med resultatutviklinga for klubben i 2023, men ikkje nøgd med at ein gjekk i underskot.

Vi føl vidare opp tiltaksplan som skal sikra auka inntekter og reduserte kostnader i 2024.

Konsernet har samla driftsinntekter på mNOK 109,7 mot mNOK 96,1 i 2022. Resultat etter skatt viser eit overskot på mNOK 2,6 mot eit underskot på mNOK 3,1 for 2022.

### *Kontantstraum og balanse*

Kontantstraumen frå drifta var i 2023 positiv med mNOK 2,8, mot mNOK -4,1 i 2022. Totalt var kontantstraumen positiv med mNOK 0,3 mot mNOK -0,2 i 2022.

For konsernet samla er kontantstraumen frå drifta i 2023 positiv med mNOK 12,5 mot mNOK 7,1 i 2022. Grunna dei store investeringane i Fosshaugane AS har ein tatt opp lån i banken, ein kombinasjon av langsiktig gjeld og kassakreditt, og bankinnskot i sum har derfor auka med 8,4 mNOK i 2023.

Totalkapitalen for Sogndal Idrettslag Fotball har auka med 4,4 mnok. Dette relaterer seg i det alt vesentlege til auke i kassakreditt og kundefordringar.

AS er i brot med eit av lånevilkåra ovanfor banken pr 31.12.23. Det er innhenta wavier frå banken knytt til dette forholdet.

Den finansielle marknadsrisikoen for klubb er primært knytt til sportslege resultat og spelarlogistikk. Tilsot av mediepengar er direkte knytt opp mot sportslege resultat. Sportsleg suksess gir auka attraktivitet og derav auka inntekter, medan dårlig sportslege resultat fører til det motsette.

For konsernet er den største finansielle risikoen knytt til renteutvikling og vidare utvikling og vekst i regionen då Fosshaugane AS har stor renteberande gjeld og store leigeinntekter som kan bli påverka.

#### *Allokering av disponibelt resultat*

##### Sogndal Idrettslag Fotball:

Overført til udekt tap	925 397
Utbytte	0
Sum overføringer	- 925 397

##### Konsernet:

Overført til annan eigenkapital	2 561 226
Utbytte	0
Sum overføringer	2 561 226

#### **Fortsatt drift**

Pr 31.12.23 er meir enn 50 % av den bundne kapitalen tapt og styret si handleplikt er inntrådt. Som skissert over har verksemda også underskot for 2023 og likviditeten er stram. Det er utarbeida ein handlingsplan med ei rekke tiltak for å betre dette.

På inntektssida skal tiltaka blant anna styrka innteninga på eksisterande arrangement og aktivitetar, samt skapa nye inntektsbringande aktivitetar. Ein skal vidare utvikla eksisterande, og tiltrekka seg nye, finansielle samarbeidspartar.

På kostnadssida må ein arbeide systematisk med reduksjon i kostnader knytt til personale, drift og aktivitet som ikkje er inntektskapande. Det er for 2024 gjort reduksjon i tal spelarar i stallen, som vil vere med å reduserer lønskostnader.

Styret vurderer at det er meirverdiar i spelarrettar som ikkje er reflektert i bokførte verdiar. Det vert seld spelarar som rekneskaps messig gevinst som underbygger dette.

I 2024 forventar styret ei nøytral løpende drift, på bakgrunn at dei tiltaka som er iverksett. Selskapet er og har vore i ein pressa situasjon likviditetsmessig.

På bakgrunn av dette stadfestar styret at årsrekneskapen er utarbeida under føresetnad om fortsatt drift.

Selskapet har teikna styreansvarsforsikring pr 31.12.23.

#### **Framtidsutsikter**

Framtidsutsiktene til klubb er vurdert til å vera positive, men usikre. Det positive er at klubben har store meirverdiar i spelarrettigheter og spelarstall. Usikkerheita er knytt til den raske utviklinga av kostnadsnivået i Norsk fotball rundt spelarlogistikk og spelarlønningar. Vår satsing på eigenutvikling og meirverdi i spelarstall vil i så fall slå positivt ut for oss. For konsernet elles er det stort fokus på vidare utvikling med 1 stort prosjekt i emning.

Utbygginga av svingen som er kostnadsestimert til rundt mNOK 80. I 2023 vart Idrettssenteret oppgradert og utvida for vel mNOK 15. Begge disse investeringane er tenkt å gje konsernet auka inntekter i framtida.

#### **Verv i NFF og innsats for landslaga**

Håvard Flo Disiplinærutvalet  
Margrethe Svidal Konkurranserutvalet

I tillegg har vi fleire tilsette knytt til landslaga som har gjort ein stor jobb i 2023:  
Terje Skjeldestad for det norske kvinnelandslaget på hausten 2023 og U21 til og med EM sommaren 2023  
Geir Stenehjem for Gutte 16  
Morten Olsen for Jenter 15 og U20 (2 tiltak)  
Geir Inge Heggestad for U21 til og med EM sommaren 2023

#### **Samfunnsutvikling:**

Fosshaugane Campus utviklar seg stadig, og gjennom 2023 har det vore eit godt driftsår i Innovasjonsbygget og idrettshall i tilknyting til storhallen der Sognahallen AS er byggherre. Idrettssenteret, Spenst, vart i august ny-åpna etter omfattande oppussing og ombygging. Målet vårt er at vår eigen aktivitet knytt til topp- og breiddeaktivitet skal vere energinøytral og vere eit sterkt bidrag til det grøne skiftet på Fosshaugane. Med gåva frå Sparebanken Vest vert det ei raskare omstilling. Fjordenergi skal ta seg av meir kjøling om sommaren, omlegging til LED skal få ned forbruk til lys og solceller skal bidra til eigenproduksjon.

Styret i Sogndal Fotball vil rette ei takk til frivillige, tilsette, samarbeidspartnarar og alle andre som har bidrige i løpet av sesongen. Dette er eit viktig fundament for klubbdrifta.

#### **Åpenheitsrapportering**

Åpenheitslova gjeld for Sogndal Idrettslag Fotball. Vi er omfatta av Åpenheitslova, vedteken av Stortinget i juni 2021, og gjeldande frå 1. juli 2022. Den gjeld sosial berekraft. Vi skal i vår verksemnd kartleggja, førebyggja og avgrensa negative konsekvensar for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Dette gjeld oss sjølv og tilhøve vi bidreg til og tilhøve knytt til leverandørar og underleverandørar. Styret meiner vi i vårt arbeid saman med administrasjonen, gjennom aktivitet vi gjort greie for her og tidlegare i årsmeldinga har:

- vore medvite det ansvaret verksemda har
- gjort oss kjende med påverknaden for verksemda på menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve
- sett i verk tiltak for å redusera faktisk eller mogleg negativ påverknad
- følgd med på om tiltaka verkar
- informert om tiltak og korleis dei verkar
- sørga for gjenoppretting der skade er skjedd

#### **Vår verksemnd:**

- er organisert som eit konsern med Sogndal Idrettslag Fotball er eit overordna FLI som skal drive idrett organisert i Norges Idrettsforbund og Olympiske Komite. Vi eig Fosshaugane AS, som eig og driftar eigedomsmassen på Fosshaugane Campus, samt Idrettssenteret AS (treningssenteret Spenst) og det i 2022 nystifta Sogndal eFotball AS. Vi er del av allianseidresslaget Sogndal Idrettslag der alle medlemmer har stemmerett på vårt årsmøte.

- er meir enn berre eit fotballag og klubben sitt engasjement går langt utover det å berre spele fotball. Det å ta ein del i samfunnsansvaret i regionen er ein viktig del av vår overordna strategi og vi står bak over 100 arrangement i 2023. På dei aller, aller fleste av desse får unge i ulike aldrar og av begge kjønn utfalde seg og utvikle sine interesser og anlegg. Vi legg sterkt til rette for å inkludera og delta
- føl norsk lovverk for helse, miljø og sikkerheit på arbeidsplassen og for likestilling og fråvær av diskriminering. Vi krev det same av våre leverandørar og forretningspartnarar som vi krev av oss sjølve. Vi har godt forankra arbeidet med menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve i interne retningslinjer og rutinar. Våre vedtekter vart godkjent av Idrettsstyret 22.02.99. Sportsplanen revidert i 2023 er i dag sjølve hjørnestenen i drifta av Sogndal Idrettslag Fotball. Den gjeld frå A-lag til akademi. Og Klubbhandboka vart oppdatert i 2022.
- oppmodar alle som oppdagar uønska avvik om å nytte [NFF sin anonyme varslingskanal og klagemekanisme](#) som skal avdekke negative konsekvensar, eller gje beskjed [direkte til oss](#).

Vi gjer aktsemdunderingar knytt til dei viktige aktørane i våre verdikjeder. Mange av dei må no sjølve gjere sine aktsemdunderingar. Du finn informasjon om våre generalsponsorar sitt arbeid med berekraft på deira nettsider. Dei tre viktigaste leverandørane for kvar av våre konsernorganisasjonar er, med våre risikovurderingar, følgjande:

- Sogndal Idrettslag Fotball
  1. [Scantrade AS](#)
  2. Fosshaugane AS
  3. [Vy Buss As](#)
- Fosshaugane AS
  1. [Sognekraft AS](#)
  2. [Norengros AS](#)
  3. [Sparebanken Vest](#)
- Idrettssenteret:
  1. Fosshaugane AS
  2. [Brage Finans](#)
  3. [Sogndal Kommune](#)
- Vi vurderer at risiko knytt til vår aktivitet er i stor grad knytt til spelarkjøp og sal. Her føl vi bransjepraksis i Noreg og NFF-retningslinjer for [berekraft](#), dialog, kontrakter og agentbruk
- Vi vurderer at risiko ved dei viktigaste leverandørane for våre konsernorganisasjonar er låg.
- Våre tiltak skal minimere risikoen for avvik. Om du har spørsmål tek du kontakt [direkte til oss](#).

Sogndal 11. mars 2024  
Styret i Sogndal IL Fotball

Jan Rune Årøy  
-styreleiar-

Trude Ramstad  
- nestleiar-

Kåre Jan Mjelleli  
- styremedlem-

Line Bjelde  
- styremedlem-

Einar Ylvisåker  
-styremedlem-

Andrea Solbakken  
-styremedlem

Øyvind Heimset Larsen  
- styremedlem-

Sogndal 4. mars 2024

Styret i Sogndal IL Fotball

*Jan Rune Åroy*  
Jan Rune Åroy  
-styreleiar-

*Line Bjelde*  
Line Bjelde  
- styremedlem-

*Trude Ramstad*  
Trude Ramstad  
- nestleiar-

*Einar Ylvisåker*  
Einar Ylvisåker  
-styremedlem-

*Kåre Jan Mjelleli*  
Kåre Jan Mjelleli  
- styremedlem-

*Andrea S. Solbakken*  
Andrea Solbakken  
-styremedlem

*Øyvind Heimset Larsen*  
Øyvind Heimset Larsen  
- styremedlem-